

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø  
Att: Byggesak

18.11.2013

Ikenberget Vel  
Brørakastet 45  
5911 Alversund

**Klage på mellombels dispensasjon - gbnr 137/661 Alver**

Det vert referert til brev mottatt 08.11.2013 med saknummer 2013/2161 der Lindås kommune gjennom Multiconsult får melombels dispensasjon i tre år frå bl.a. pbl § 18-1 med omsyn til krav til opparbeiding av offentleg veg.

Ikenberget Vel vil påklage dispensasjonen frå opparbeiding av offentleg veg. Velet meiner vegsystemet i reguleringsplan vedtatt i kommunestyret 11.02.2010 (planid 1263-200711) må ferdigstilla så fort som mogeleg. Vi refererer til eit omfattande arbeid i forkant av vedtaket, med lokale arbeidsgrupper og brei politisk handsaming. Hovedmålet til Velet er å skilja bustad- frå næringstrafikk. Dette skjer ved at veg C i reguleringsplan så fort som råd vert stengt og at det vert sikra ei trygg trafikkavvikling frå den nye brannstasjonen forbi dei tre husa i aust (langs vegen inn til Trollskogen barnehage).

Velet meiner at argumentet med at det kan komme endringar på den regulerte vegløysinga fram mot FV 565 ikkje er relevant for denne saka, då ønskjet til Velet er å få orden på interne vegar i feltet. Samstundes minner vi om at den regulerte vegen vi vil realisera kun gjeld frå industri-/næringsområdet i nord (TESS, Autoklinikk etc.) fram til og med krysset Stølen/Stølen 19 (inn mot Trollskogen Barnehage).

Trafikksituasjonen i øvre del av vegen Ikenberget har i lang tid vore uhaldbar og fører jamnleg til farlege situasjonar mellom næringstrafikk og born. Det viktigaste for Ikenberget Vel er trafikktryggleiken for born og unge med tanke på bustader der små born leikar, aktivitetspark og barnehage i direkte nærleik til industriområdet.

Velet har i nær ti år arbeid med vegsaka og saka har diverre tatt mykje lengre tid enn planlagt. I fleire år har saka stoppa opp pga. manglande grunnavståing frå førre eigar, så me forventar ei kjapp ferdigstilling no som kommunen sjølv eig grunnen. Vi minner også om at det frå kommunen si side blei lova ei rask ferdigstilling av vegløysing på informasjonsmøte for ny brannstasjon i mai 2013. Den nye vegen skal også gå over deler av aktivitetsparken som Ikenberget Vel er i ferd med å byggja. Dette er den største og viktigaste aktivitetsparken for heile Ikenberget. Så lenge vegsaka står uløyst, får ikkje Velet ferdigstilt aktivitetsparken.

Med venleg helsing for Ikenberget Vel

Leiar, Roald Rossnes

Kopi:

Formannskapet Lindås kommune  
Ordførar Lindås kommune  
Gruppeleierar alle parti Lindås kommune  
Fylkesmannen i Hordaland